

Har satsa 2 millionar på ammekyr

13.11.2013



Tore Musland trur på ei framtid i jordbruket. Foto: Kvinnheringen

For vel ein måned sidan tok Tore Musland i bruk det nye fjøset på 380 kvadratmeter til 2 millionar - nok ei markering av at bøndene i Uskedalen trur på framtida. Tore har ei dotter som vil overta og vel å vera optimist. Garden har 120 mål dyrka mark og satsar på kjøt og mjølk med 10 kyr. I tillegg har han 12 ammekyr av den franske rasen limousin.

Til Kvinnheringen seier Tore at fjøset var meir eller mindre til nedfalls og våren 2012 starta han rivinga,

Sist vår tok han så til med byggjinga av det nye fjøset for lausdrift der kalvane har egne binger å trekkje seg attende i. Dei syg mora frå våren til tidleg på hausten.

Prosjektet er gjennomført med god støtte frå Innovasjon Norge

I tillegg til garden driv han firmaet Musland Maskin AS saman med broren